



**VERDSARV**  
Vestnorsk fjordlandskap

## INNKALLING / SAKSLISTE

### - møte i Verdsarvrådet (VAR) for Vestnorsk fjordlandskap

Stad:	Petrines Gjestgiveri, Norddal	Dato:	1.oktober 2014
Tlf:	70 26 38 10 / 95 42 73 90	Møtetid:	Start 09:00 – 15:00

Funksjon:	Namn:	Repr:	Møtt:
Leiar:	Jan Ove Tryggestad	Ordførar Stranda kommune	
Nestleiar:	Hans Erik Ringkjøb	Ordførar Voss kommune	
Medlem:	Noralv Distad	Ordførar Aurland kommune	
Medlem:	Marta Finden Halset	Ordførar Vik kommune	
Medlem:	Jan Geir Solheim / Marianne Øren	Ordførar Lærdal kommune	
Medlem:	Bjørn Inge Ruset	Ordførar Norddal kommune	
Medlem:	Jon Aasen / Willy J. Loftheim	Møre og Romsdal fylkeskommune	
Medlem:	Jenny Følling /	Sogn og Fjordane fylkeskommune	
Medlem:	Mona Hellesnes /	Hordaland fylkeskommune	
Medlem:	Lodve Solholm / Linda Aaram	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	
Medlem:	Anne Karin Hamre / Tom Dybwad	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
Medlem:	Lars Sponheim / Kjell Kvingedal	Fylkesmannen i Hordaland	
Medlem:	Olav Nord-Varhaug / Gaute Sønstebø	Miljødirektoratet	
Medlem:	Trond Taugbøl	Riksantikvaren	
Medlem:		Miljøverndepartementet	
Bisitjarar:	Magnhild Aspevik	Lærdal kommune	
	Odd Rune Turvoll	Vik kommune	
	Gunnar Berge	Voss kommune	
	Liv Marit Nystad	Norddal kommune	
	Per Morten Ekerhovd	Hordaland fylkeskommune	
	Arlen Synnøve Bidne	Sogn og Fjordane fylkeskommune	
	Geir Moen	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	
	Tom Dybwad	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
	Kjell Kvingedal	Fylkesmannen i Hordaland	
Andre:	Kristoffer Ullern-Hansen	SNO Aurland	
	Kjell Hansen	SNO Geiranger	
	Anbjørg Nornes	Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden	
	Linn Myrvoll	Verneområdeforvaltar Geiranger – Herdalen	
	Leif Inge Undredal	Styrelseleiar Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP)	
Sekretariat G	Katrin Blomvik	Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (SGV)	
Sekretariat N	Erling Oppheim	Nærøyfjorden Verdsarvpark. (NVP)	



**VERDSARV**

Vestnorsk fjordlandskap

<b>SAKSLISTE</b>		
<b>Kl.</b>	<b>Sak</b>	<b>Framlegg</b>
<b>09:00 – 09:15</b>	<b>Velkommen til Norddal kommune</b>	v/varaordfører Per Magnus Berdal
<b>09:15 – 09:30</b>	<b>Møtestart:</b>  <b>Merknad til innkalling</b>  <b>Merknad til protokoll</b>	Velkommen v/leiar Jan Ove Tryggestad
<b>09:30 - 10:30</b>	<b>Orienteringssaker</b>	Følgjande orienteringssaker: (korte statusar sidan sist) <ul style="list-style-type: none"><li>- Besøksforvaltningsplan VF, status</li><li>- Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden. Kort om prosjektet som er nyleg avslutta .</li><li>- Dialogkonferansen 2014 med Tema: Cruise: Kort orientering om dagseminaret som vert gjennomført i regi av Verdsarvparken og som samstundes er ei oppfylging a Parken si satsing på klima- og miljøvenleg utvikling/ verdiskaping. ( Grøn Fjord)</li><li>- Orientering frå SNO Aurland</li><li>- Orientering frå SNO Geiranger</li><li>- Orientering frå Verneområdeforvaltarar</li><li>- Orientering frå fylkesmennene</li><li>- Orientering frå Miljødirektoratet</li><li>- Status arbeidet med RSOUV</li><li>- Status felles strategisamling verdsarvstiftingane</li><li>- Status «Twinning» - samarbeid Glacier Bay</li><li>- Besøk av Klima- og miljøminister Tine Sundtoft</li><li>- Status sak: Kloakkutslepp i verdsarvfjordane</li><li>- Status sak: Tiltaksplan kulturlandskapet i verdsarvområdet</li></ul>
<b>10:30 – 10:45</b>	<b>Beinstrekk / pause</b>	
<b>10:45 – 11:15</b>	<b>10 – års jubileum for Vestnorsk fjordlandskap i 2015</b>	Skisse på idear og felles-satsingar vert presentert frå sekretariatet: <ul style="list-style-type: none"><li>- Samordning med Friluftslivets år 2015</li><li>- Drøfting</li><li>- Nye innspel og idear?</li><li>- Kva kan SNO, lokal forvaltning bidra med? Andre?</li><li>- Konklusjonar på hovudliner?</li></ul>



**VERDSARV**

Vestnorsk fjordlandskap

		<p><b>Framlegg:</b> Drøftingar og innspel frå Verdsarvrådet skal tas omsyn til i endeleg program for jubileumsåret. Budsjett og endelege ramar for 10 års jubileum skal vedtas av styra til verdsarvstiftingane; Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark, i samband med handsaming av delområda sine budsjett- og handlingsplanar for 2015.</p>
<b>11:15 – 11:50</b>	<b>FoU strategi for Vestnorsk fjordlandskap</b>	<p>Møreforsking v/forskar Else Ragni Yttredal presenterer framlegg til FoU strategi for VF. Vedlegg i saka.</p> <p><b>Framlegg:</b> Verdsarvrådet slutter seg samrøystes til hovudmålsetting og hovudutfordringar definerte i FoU-strategien for Vestnorsk fjordlandskap slik det ligg føre og rådar til at:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Eit siste utkast til FoU-strategi vert behandla på desembermøta i stiftingane; Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark.</li><li>2. Utkastet vert så sendt ut på høyring til relevante lokale, regionale og nasjonale instansar.</li><li>3. Endeleg vedtak vert gjort i stiftingane sine vårmøte 2015.</li></ol>
<b>12:00 – 12:45</b>	<b>Lunsj</b>	
<b>12:45 – 13:15</b>	<b>Oppfølging etter ministerbesøket: Formell søknad til departement(a).</b>	<p>Kort innleiing.</p> <p>Vår bodskap til Klima- og miljøministeren under besøket: «Vestnorsk fjordlandskap ynskjer å verte eit utstillingsvindaug for grøn teknologi og ei innovativ klima- og miljøforvaltning. Vi ønsker at Noreg nyttar verdsarvområda som modell og spydspissar for ei berekraftig utvikling nasjonalt og internasjonalt! Soleis verte døme for andre UNESCO område worldwide.»</p> <p><b>Framlegg:</b> Leiar, nestleiar og sekretariat førebur ein formell søknad, der Vestnorsk fjordlandskap (VF) ber om å få ein pilotstatus for;</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. utgreiing og uttesting av nye heilskapelege forvaltningsgrep, samt</li><li>2. utgreiing og uttesting av nye finansielle instrument for verdsarvområdet.</li></ol> <p>Føremålet: Eventuelle nye verkty skal stimulere til ei berekraftig og klima- og miljøvennleg utvikling av verdsarvområdet og styrke VF sine «Outstanding Universal Values»/OUV. Mottakar av ein slik søknad kan vere fleire departement; Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og</p>



**VERDSARV**

Vestnorsk fjordlandskap

		<p>moderniseringsdepartementet, Samferdselsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Mat- og landbruksdepartementet.</p> <p>Framlegg til søknad vert sendt ut på ei høyringsrunde til Verdsarvrådet og relevante forvaltningsnivå i Vestnorsk fjordlandskap, samt skal vedtas i styra til verdsarvstiftingane, før den kan sendast.</p>
<b>13:15 – 13:45</b>	<b>Grøn fjord</b>	<p>Samrøystes semje frå sist møte: «I tråd med vedtatt strategiplan til Verdsarvrådet bør delområda arbeide fram eit forslag til ein kortfatta handlingsplan på inntil 3 - 4 felles tiltak/prosjekt i Grøn fjord for begge fjordområda. Handlingsplanen bør presenterast på neste rådsmøte i oktober.</p> <p>Verdsarvrådet oppmodar elles alle verdsarvkommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene til å trekkje fram sitt miljøarbeid i Grøn fjord framover.»</p> <p><b>Framlegg:</b> Handlingsplanen/tiltaka vert presentert på møtet.</p>
<b>13:45 – 14:00</b>	<b>Beinstrekk / pause</b>	
<b>14:00 – 14:30</b>	<b>Verdsarven og cruise</b>	<p>Orientering og oppsummering av stoda i kjølevatnet av eit særleg mediafokus på både Flåm og Geiranger denne sommaren.</p> <p><b>Drøfting:</b> Kva ståstad skal Verdsarvrådet ha i dette landskapet? Skal Verdsarvrådet ved leiarskapet engasjere seg i den problemstillinga og freiste medverke til ein open og konstruktiv debatt?</p> <p>Innleiing til drøfting ved nestleiar og leiar.</p>
<b>14:30 – 14:35</b>	<b>Møteplan 2015</b>	<p>Forslag:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Nærøyfjordområdet: Mars 2015, datoforslag?</li><li>2. Geirangerfjordområdet: Oktober 2015, datoforslag?</li></ol>
<b>14:35 – 14:45</b>	<b>Avslutting / oppsummering</b>	

For Verdsarvrådet, 01.10.2014, K. Blomvik.